



Til dei vidaregåande skulane i Hordaland

Dato: 26.04.2016  
Vår ref.: 2016/3735-41  
Saksbehandlar: metdal1  
Dykkar ref.:

## **Administrative endringar i klassestrukturen for skuleåret 2016/17**

Som vedlegg følgjer dei administrative endringane som Fylkesdirektør for opplæring har gjort i klassestrukturen for skuleåret 2016/17.

Vedtaka er i hovudsak gjort etter tilbakemelding frå skulane på prognoseinntaket 2016. Ein del skular har søkt om å få utvida klassetalet innanfor Elektrofag, men på grunn av overkapasitet av elevplassar i høve til venta tilgang på læreplassar, vil det ikkje bli auke i klassetalet på dette utdanningsprogrammet.

Det er ikkje gjort administrative endringar for dei skulane i Bergensområdet som vart omfatta av vedtaket frå fylkestinget i desember 2015 i høve til tilbudsstruktur/elevtal ved utdanningsprogramma Studiespesialiserande, Medium og kommunikasjon og Kunst, design og handverk. Dersom noko skal endrast her, må det skje gjennom politiske vedtak.

Den politiske saka om justeringar i tilbudsstrukturen skal behandlast av opplærings- og helseutvalet den 28. april, og av fylkesutvalet den 19. mai.

Eventuelle spørsmål kan rettast til inntaksleiar Nils Skavhellen.

Svein Leidulf Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

Nils Skavhellen  
inntaksleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Vedlegg:**

- 1 Administrative endringar i klassestrukturen etter prognoseinntaket 2016